



Leiv Jan Fosse  
Fosse 146  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2392 - 15/16321

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
02.09.2015

## GBNR 25/1 - Førespurnad om mogleg søknadsplikt ved terrenginngrep

Meland kommune er kjent med at det på dykkar eigedom skal vere utført terrenginngrep ved dumping av jordmassar på Fosse, vest for Fosseskarvvegen 73 ned mot - og delvis i myr/vatnet – på staden. Ref. foto teke på synfaring 2.9.2015:



Kommunen retter denne førespurnaden til dykk som matrikkelregistrert grunneigar av eigedomen. Føremålet er å avklare om tiltaket som er utført er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og om dette i så fall er utført ulovleg, jf plan- og bygningslova kap 32.

Alle byggjetiltak er avhengig av godkjent søknad om byggjeløyve med heimel i pbl. kap. 20, med mindre slik søknadsplikt er spesifikt unntatt gjennom pbl. §§ 20-3 eller 20-4. Byggjetiltak må uansett vere i samsvar med kommunen sine arealplanar, dersom det ikkje er gitt dispensasjon.

Det aktuelle området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF-område, der det som utgangspunkt gjeld forbod mot alle tiltak som ikkje er innanfor landbruksomgrepet. Tiltak som elles ikkje ville vore søknadspliktige etter pbl kap 20, vil uansett kunne krevje dispensasjon før dei lovleg kan gjennomførast.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova.

Kommunen ber i fyste omgang om utgreiing om tilhøvet. Kommunen ber om at følgjande punkt vert særskilt opplyst:

- Har grunneigar/tiltakshavar vurdert tiltaket opp mot plangrunnlag, eventuell trong for dispensasjon og/eller søknadsplikt etter plan- og bygningslova?
- Kva for typar masser er tilført arealet?
- Kva for tiltak har tiltakshavar/grunneigar gjort for å sikre at massane ikkje er ureine?
- Kva for miljøomsyn/tiltak har tiltakshavar/grunneigar tatt for å hindre avrenning til myrtjernet på staden?
- Nærare opplysningar om omfanget av tiltaket
- Kva for vurderingar er gjort for å vurdere om tiltaket kan ha verknader på naturmangfaldet på staden? jf krava til aktsemd i naturmangfaldslova § 6
- Andre relevante opplysningar grunneigar/tiltakshavar måtte ha om tiltaket

**Frist for skriftlig utgreiing er 24.9.2015.**

Dersom det er utført byggjetiltak i strid med føresegner gitt i eller i medhald av pbl. har kommunen rett og plikt til å følgje dette opp, jf. pbl. 31-2. Om handsaming av ulovlege byggjetiltak vert det vist til reglane om oppfølging av ulovlege byggjetiltak i pbl. kap. 32.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2392.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Leiv Jan Fosse

Fosse 146

5918

FREKHAUG